


Tidleg innsats - Språkutvikling

GISKE KOMMUNALE BARNEHAGER

2024-2026



Giske kommune
historisk og framtidsretta

Innhald

Innleiing	2
Utvikling av språk.....	3
Kompetanseheving	5
Roller og ansvarsområde – mål for tilsette.....	6
Språkarbeid 1-3 åringen	9
Språkarbeid 3- 5 åringen	12
Barn som er fleispråklege.....	15
Barn som strevar med språkutviklinga	16
Kjelde og inspirasjon:.....	18

Innleiing

Språk og kommunikasjon er grunnleggande for at mennesket skal utvikle sosial kompetanse, tileigne seg ny kunnskap, danne sosiale relasjonar og vennskap. Språk har vore eit prioritert område i Giske kommune og kjem til å vere det framover,

[Kvalitetsplan oppvekst Giske kommune 2023 - 2026](#). Denne språkplanen skal vere med på å kvalitetssikre språkopplæringa i dei kommunale barnehagane, den skal vere eit levande dokument som sikrar at ein jobbar systematisk for å auke språkkompetanse blant alle barn. Planen skal og sikre at tilsette sitt språkarbeid er kunnskapsbasert, planlagt, målretta og godt organisert.

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.
Rammeplan s.23

Ved å jobbe systematisk med språkarbeid i barnehagen har dei kommunale barnehagane eit mål om å sikre tidleg innsats i språkutviklinga, auke kompetanse blant dei tilsette og utjamne forskjellar ved å sikre eit godt språkleg grunnlag før skulestart. Planen skal og vere ei støtte og sette retning for arbeidet med å utvikle gode språkmiljø på avdelingane.



Utvikling av språk

Rammeplanen legg føringar for arbeidet med språk og kommunikasjon i barnehagen. Mellom anna påpeikar den at alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

Rammeplan s.23

Det vil si at i arbeidet med språk og kommunikasjon skal dei tilsette:

- Anerkjenne og respondere på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og støtte språkutviklinga deira.
- Stimulere den verbale og ikkje-verbale kommunikasjonen til barna og leggje til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar.
- Sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler.
- Vere bevisste på rolla som språkleg førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn.
- Følgje med på kommunikasjonen og språket til barna og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling.
- Bidra til at språkleg mangfald blir noko positivt for heile barnegruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt.



Barn er født med eit ønskje om å vere sosiale og dei har ein medfødd motivasjon for å lære seg språket og kommunikasjon. Samtidig kan barn vere forskjellige med tanke på kva forutsetningar ein har for å lære seg språk. Dette kan ha samband med mellom anna syn, høyrsel, kognitive evner, omgjevnaden m.m.

Modellen under beskriv korleis dei ulike komponentane som inngår i språkutvikling heng saman og påverkar kvarandre. I barnehagen må vi jobbe for at barna få ei solid stamme med eit best mogleg utvikla omgreps apparat, ei stamme som er stødig og kan bære solide greiner og blader (Gjertviksten & Gärtner, 2020).



Røtene:

Føresetnad for å lære språk; motivasjon, hukommelse, høyrsel, syn, kognitive evner, merksemd, samspel med andre m.m.

Stammen:

Kommunikasjon og språkforståing. Godt utvikla ord forråd med ei god språkforståing.

Greinene:

Evna til å utrykke seg verbalt i ein meiningsfull kontekst.

Toppen av treet:

Språklydane, språkleg bevisstheit, lese og skrive ferdigheite.

(Gjertviksten & Gärtner, 2020 s.31)

Kompetanseheving

For å kunne skape gode språkmiljø og hjelpe kvart enkelt barn til å best mogleg språkutvikling innanfor sine forutsetningar treng personalet i barnehagen gode kunnskapar om både språkutvikling og språkarbeid. Dei kommunale barnehagen i Giske kommune skal arbeide aktivt med å heve språkarbeidskompetansen til alle tilsette.

Frå august 2024 til juli 2026 skal alle barnehagane i Giske kommune delta i REKOMP arbeid som handlar om språkutvikling og språkmiljø. I eit samarbeid med kvarandre og Høgskulen i Volda skal barnehagane jobbe for å auke kvaliteten på arbeid rette mot språkutvikling.

Barnehagane har forskjellige møter der ein arbeidar med kompetanseutvikling. Refleksjonsmøter for fagarbeidarar og assistentar og fagmøte for pedagogar. I desse møta bør barnehagen arbeide med personalets praksis gjennom refleksjon og rettleiing. I tillegg har ein personalmøte og fem planleggingsdagar kvart år, der heile personalet samlast. Desse arenaene er gode moglegheiter til å lære ny kunnskap og inspirere personalet. Ein kan bruke ferdigutvikla verktøy til kompetanseheving som språkløyper eller kompetansepakane til UDIR.

Ein anna viktig form for kompetanseheving som leiinga må sørge for er internt systemarbeid. Arbeid med systemet rundt barnet kan legge til rette for at ein brukar ressursar ein har i barnehagen riktig og at ein i større grad kan lage gode språkmiljø og stimulere til at alle barn har ei god språkutvikling. Å kartlegge personalets kompetanse eller å gjennomføre [ståstedsanalyse](#) kan vere nyttige verktøy når ein arbeidar systemretta.

Leiinga bør også oppfordre og sørge for gode ordningar slik at størst mogleg grad av personalet kan ta vidareutvikling innanfor spesialpedagogikk, språk eller andre relevante kunnskapsområde.

Roller og ansvarsområde – mål for tilsette

MÅL	KVA/KVIFOR	ANSVARLEG
<p>Ha kompetanse på barns språklege utvikling.</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Vite kor det enkelte barn er i sin språkutvikling ➤ Vite korleis ein kan stimulere språket i «her og nå» situasjonar. 	<p>Tilsette må ha kunnskap om barns språkutvikling for kunne fange opp vanskar og legge til rette for ein godt språkmiljø i barnehagen.</p>	<p>Styrar Pedagogisk leiar Språkressurs</p>
<p>Ha kompetanse om kartleggingsverktøy.</p>	<p>Alle med Tras Nya Sit</p>	<p>Styrer Pedagogisk leiar (Alle tilsette skal kunne vere med på å fylla ut kartlegging)</p>
<p>Bruke utvikling - og refleksjonsverktøy som omhandlar språk og språkmiljø på møter.</p>	<p>Språkløyper Delta i rekomp Ståstedsanalyse</p>	<p>Styrar Pedagogisk leiar Språkressurs</p>
<p>Ha kompetanse på metodar og arbeid for språkstimulering</p>	<p>Vite kor en ein finn kunnskap om språkutvikling og bruke det i det daglege arbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Rammeplan ➤ Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen ➤ Snakkepakken ➤ Språksprell ➤ Faglitteratur ➤ Språkplan ➤ ASK og visuell støtte 	<p>Styrar Pedagogisk leiar Språkressurs</p>
<p>Ha materiell retta mot språkgrupper lett tilgjengeleg.</p>	<p>Språk/eventyr posar Snakkepakken Litteratur til barn Visuell støtte</p>	<p>Språkressurs Pedagogisk leiar</p>
<p>Halde seg oppdatert på aktuell barnelitteratur og sikre at det er god barnelitteratur i barnehagen.</p>	<p>Språkløyper Kontakt med biblioteket</p>	<p>Pedagogisk leiar Språkressurs</p>

<p>Ha kunnskap om korleis ein formidlar ei bok/eventyr til barna.</p>	<p>Vere god forberedt/ kunne fortellinga sitt innhald</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Bokkino ➤ Visuell støtte ➤ Snakkepakken 	<p>Alle tilsette</p>
<p>Lese for barna kvar dag.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Gruppedeling ➤ Samlingsstund ➤ Frileik ➤ Ved måltidet ➤ Lesegrupper 	<p>Pedagogisk leiar All tilsette</p>



HØGTLESNING

Alle barn leses for kvar dag

VARIERTE AKTIVITETER

Personalet støtter barnas initiativ når det gjelder å telle, sortere, lese eller leikeskrive. Personalet oppmuntrar barna til å lytte, samtale og leike med lyd, rim og rytme.

SAMTALER

Personalet har spontane og planlagde samtalar med barna om opplevingar, tankar og kjenster

TILGANG TIL BØKER

Barna har tilgang til ulike litteratur på avdelinga. Barnehagen bestiller bøker på biblioteket. Barna besøker biblioteket.

Språkarbeid 1-3 åringen

Tidleg og god språkstimulering er ein stor del av barnehagens innhald. Småbarnsperioden er ein grunnleggande periode for utvikling av språk og læring skjer gjennom blant anna kroppsspråk og lyder. At tilsette er beviste på dette, oppfattar og bekreftar barnas uttrykk samt opptre som gode språkmodellar som setter ord på kvardagen har avgjerande betydning for barnas språkutvikling.

MÅL: Barna skal få erfaring med kommunikasjon med andre barn og vaksne.	
Innhald: <ul style="list-style-type: none">➤ Aktivitetar som stimulerer til felles merksemd.➤ Samtalar i kvardagssituasjonar med fokus på turtaking.➤ Samspelsaktivitetar, t.d. songleik eller tit tei-leik.➤ Varierte leikeaktivitetar i små grupper.➤ Song, rim og regler.	Dei tilsette må: <ul style="list-style-type: none">➤ Delta i leik.➤ Invitere til samtalar.➤ Ta seg god tid til å lytte til barna.➤ Vise interesse for det barna uttrykker.➤ Fange opp kva barna rettar merksemda si mot.➤ Delta i barna si utforsking.➤ Gje barna anledning til å svare med kroppsspråk, signal, lydar eller ord.➤ Sørge for at alle er inkludert i samtalar, leik og samspel.➤ Synleggjere språkleg mangfald ved t.d. å bruke ord og songar på ulike språk.
MÅL: Barna skal møte eit miljø som bidreg til å vidareutvikle omgrepsforståinga og ordforrådet deira.	
Innhald: <ul style="list-style-type: none">➤ Variert innhald som innbyr til nye erfaringar.➤ Song, rim og regle.➤ Bøker.➤ Varierte leikeaktivitetar i små grupper.➤ Fokusord. Sjå årsplan for BU barnehage.➤ Visuell støtte i aktivitetar, samling, høgtlesing og til songar.	Dei tilsette må: <ul style="list-style-type: none">➤ Gje barna flest mogleg førstehandserfaringar med nye omgrep.➤ Legge til rette for at barna får bruke flest mogleg sansar.➤ Vere gode språkmodellar som set ord på omgjevnadane og erfaringane til barna.➤ Bruke korrekte og varierte omgrep.➤ Bruke barneretta tale med enkle setningar med trykk på sentrale ord. Bruk tydeleg uttale, lågare tempo og variasjon i tonefall.➤ Utvide barna sine verbalspråklege ytringar. Vise at ein forstår, gjenta på riktig måte og utvide den verbale

	<p>ytringa utan at ein korrigerer eller avbryt samtalen.</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Gje barna rikelege moglegheiter for gjentaking. ➤ Bruk nye ord og omgrep i meiningsfulle samanhengar.
<p>MÅL: Personalet skal støtte barna i å utrykke kjensler, ønsker, tankar og erfaringar verbalt.</p>	
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Dagtavle. ➤ Varierte leikeaktivitetar i små grupper. ➤ Samtale ➤ Samlingsstund. ➤ Bøker. ➤ Bruk av bilete og visuell støtte. ➤ Livet og sånn. 	<p>Dei tilsette må:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Delta i leik. ➤ Setje ord på og anerkjenne barna sine kjensler og intensjonar. ➤ Støtte barna si førforståing ved å setje ord på kva som skal skje. Fokus på sentrale omgrep. ➤ Støtte barna i å snakke om det dei har opplevd. Bruk visuell støtte. ➤ Tilpasse spørsmål ein stiller ut i frå barna si forståing. ➤ Fokus på opne spørsmål for dei som er modne for det. ➤ Legge til rette for felles referanserammer gjennom litteratur og aktivitetar.
<p>MÅL: Song, rim og regle skal nyttast dagleg i planlagde og spontane aktivitetar</p>	
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Daglege songaktivitetar. ➤ Dagleg bruk av rim og regler. ➤ Leik med lyd og rytme. ➤ Lytteaktivitetar, som t.d. dyrelydar. 	<p>Dei tilsette må:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Nytte song, rim og regle i samling, kvardagsaktivitetar, leik og overgangar. ➤ Gje barna rikelege moglegheiter til gjentaking. ➤ Bruk visuell støtte i form av konkretar, bilete/symbol eller rørsle.
<p>MÅL: Barna skal dagleg oppleve spenning og glede ved høgtlesing, biletbøker og forteljing.</p>	
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Barna skal bli lest for kvar dag i planlagde og spontane aktivitetar. ➤ Lesegrupper. ➤ Barna skal ha tilgang til bøker i deira høgde. ➤ Bøker tilpassa barna sine ulike språklege nivå og interesser. 	<p>Dei tilsette må:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Invitere til lesing og synleggjere eige engasjement. ➤ Nytte engasjerande stemme, mimikk og blikkontakt når ein les eller fortel. ➤ "Lese" på ein tilpassa måte ut i frå barna sitt språklege nivå. Forklar, visualiser, peik og konkretiser ord og uttrykk. ➤ Knytt innhaldet i bøker/forteljing til barna sine eigne erfaringar.

	<ul style="list-style-type: none">➤ Nytte kvardagsaktivitetar som ein arena for høgtlesing/forteljning.➤ Nytte konkreter og anna visuell støtte.➤ Sørgje for at det finst rolege stadar som eignar seg for og inspirerer til høgtlesing og forteljning.➤ Ha kunnskap om barnelitteratur av god kvalitet.
--	---

Språkarbeid 3- 5 åringen

I alderen 3-5 år er vidareutvikling av språkferdigheitar ein sentral del av kvardagen. I denne perioden blir barn stadig meir nysgjerrige på omgivnadane og begynner å bruke språket meir aktivt for å uttrykke tankar, kjensler og spørsmål. Dei tilsette spelar ei viktig rolle ved å legge til rette for eit rikt språkleg miljø som gir barna varierte og utfordrande språkopplevingar. Å jobbe systematisk med språkstimulerande aktivitetar og å ha eit bevisst forhold til barna sin språkutvikling kan vere avgjerande for barna seinare i livet, dette er også med på å bidra til barna sin allsidige utvikling og legg til rette for meistring og glede i alle aktivitetar.

MÅL: Barna skal få erfaring med kommunikasjon og samtale med andre barn og vaksne.	
Innhald: <ul style="list-style-type: none">➤ Aktivitetar som stimulerer til felles merksemd.➤ Samtalar i kvardagssituasjonar.➤ Varierte leikeaktivitetar i små grupper.➤ Song, rim og regler.	Dei tilsette må: <ul style="list-style-type: none">➤ Delta i leik.➤ Invitere til samtalar.➤ Vise interesse for det barna uttrykker.➤ Ta seg god tid til å lytte til barna.➤ Fange opp kva barna rettar merksemda si mot.➤ Delta i barna si utforsking.➤ Sørge for at alle er inkludert i samtalar, leik og samspel.➤ Vere merksam på barn som tek lite verbalt initiativ. Legge til rette for å involvere dei.➤ Synleggjere språkleg mangfald ved t.d. å bruke ord og songar på ulike språk.➤ Anerkjenne og bruke ulike språklege uttrykksformer, t.d. nonverbale uttrykksformer og ASK.
MÅL: Barna skal møte eit miljø som bidreg til å vidareutvikle omgrepsforståinga og ordforrådet deira.	
Innhald: <ul style="list-style-type: none">➤ Variert innhald som innbyr til nye erfaringar.➤ Song, rim og regle.➤ Høgtlesing og forteljing.➤ Varierte leikeaktivitetar i små grupper.➤ Fokusord. Sjå årsplan for BU barnehage.➤ Visuell støtte i aktivitetar, samling og til songar.	Dei tilsette må: <ul style="list-style-type: none">➤ Gje barna flest mogleg førstehandserfaringar med nye omgrep.➤ Legge til rette for at barna får bruke flest mogleg sansar.➤ Vere gode språkmodellar som set ord på omgjevnadane og erfaringane til barna.➤ Bruke korrekte og varierte omgrep.➤ Utvide barna sine verbalspråklege ytringar. Vise at ein forstår, gjenta på

	<p>riktig måte og utvide den verbale ytringa utan at ein korrigerer eller avbryt samtalen.</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Gje barna rikelege moglegheiter for gjentaking. ➤ Bruk nye ord og omgrep i meiningsfulle samanhengar. ➤ Støtte barna i å undre seg, fortelje sjølv og reflektere.
<p>MÅL: Personalet skal støtte barna i å utrykke kjensler, ønsker, tankar og erfaringar verbalt.</p>	
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Dagtavle. ➤ Varierte leikeaktivitetar i små grupper. ➤ Fokus på førforståing og gjenkalling i for- og etterkant av aktivitetar. ➤ Samtale. ➤ Samlingsstund. ➤ Høgtlesing og forteljing. ➤ Bruk av bilete og visuell støtte. ➤ Livet og sånn. 	<p>Dei tilsette må:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Delta i leik. ➤ Gje tilpassa støtte for å bruke språket i leiken. ➤ Setje ord på og anerkjenne barna sine kjensler og intensjonar. ➤ Oppmuntre barna til å setje ord på eigne og andre sine kjensler. ➤ Rettleie barna i å bruke språket til å forhandle, argumentere og løyse konflikhtar. ➤ Støtte barna si førforståing ved å setje ord på kva som skal skje. Fokus på sentrale omgrep. ➤ Støtte barna i å snakke om det dei har opplevd. ➤ Tilpasse spørsmål ein stiller ut i frå barna si modning. ➤ Fokus på opne spørsmål og oppmuntre barna til å fortelje sjølv. ➤ Legge til rette for felles referanserammer gjennom litteratur og aktivitetar.
<p>MÅL: Song, rim og regle skal nyttast dagleg i planlagde og spontane aktivitetar.</p>	
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Daglege songaktivitetar. ➤ Dagleg bruk av rim og regler. ➤ Leik med lyd og rytme. ➤ Lytteaktivitetar, t.d. lydlotto eller klappe stavingar. 	<p>Dei tilsette må:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Nytte song, rim og regle i samling, kvardagsaktivitetar, leik og overgangar. ➤ Gje barna moglegheit til gjentaking. ➤ Bruk visuell støtte i form av konkretar, bilete/symbol eller rørsle. ➤ Leike med språket si form saman med barna, t.d. lage tulleord eller finne ord som rimar.

MÅL:**Barna skal dagleg oppleve spenning og glede ved høgtlesing, biletbøker og forteljing.****Innhald:**

- Barna skal bli lest for kvar dag i planlagde og spontane aktivitetar.
- Lesegrupper.
- Samtalar omkring tekst.
- Barna skal ha tilgang til bøker i deira høgde.
- Bøker tilpassa barna sine ulike språklege nivå og interesser.
- Barna skal ha moglegheit til å identifisere seg med innhaldet i bøker og forteljingar.

Dei tilsette må:

- Invitere til lesing og synleggjere eige engasjement.
- Nytte engasjerande stemme, mimikk og blikkontakt når ein les eller fortel.
- "Lese" på ein tilpassa måte ut i frå barna sitt språklege nivå. Forklar, visualiser, peik og konkretiser ord og uttrykk.
- Knytt innhaldet i bøker/forteljing til barna sine erfaringar.
- Nytte kvardagsaktivitetar som ein arena for høgtlesing/forteljing.
- Nytte konkretar og anna visuell støtte.
- Oppmuntre barna til refleksjon rundt innhaldet ved å stille opne og undrande spørsmål.
- Sørgje for at det finst rolege stadar som eignar seg for og inspirerer til høgtlesing og forteljing.
- Ha kunnskap om barnelitteratur av god kvalitet.

MÅL:**Personalet skal støtte barna i å utforske ulike språklege uttrykksformer og symbol.****Innhald:**

- Synleggjere skriftspråket.
- Små og store bokstavar og tal skal vere synleg på avdelinga.
- Skape tekst saman med barna.
- Bruke relevante digitale verktøy som t.d. Book Creator eller Puppet Pals.
- Lytteaktivitetar som lydlotto eller å klappe stavingar.

Dei tilsette må:

- Anerkjenne og synleggjere ulike språk og språklege uttrykksformer, som t.d. alternativ- og supplerande kommunikasjon.
- Omtale bokstavar ved bruk av språklyden framfor namnet på bokstaven.
- Bevisstgjere barna på at ord er bygd opp av lydar.
- Støtte barna i å utforske og leike med tal, bokstavar og symbol.
- Inspirere og rettleie barna i å lage eigne forteljingar.
- Skrive ned barnas forteljingar, illustrere dei og lese dei høgt.

Barn som er fleirspråklege

Rammeplan for barnehagen påpeikar at barnehagar skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behov eller føresetnadar i barnegruppa. Dette betyr at barnehagen må vurdere om det pedagogiske arbeidet ein gjer i kvardagen er tilpasse alle. Det kan vere krevjande for barn som skal forhalde seg til to eller fleire språk samtidig. Det er da viktig at barnehagen er bevist på kva ein må legge til rette for å inkludere og auke språkkompetanse for barn som har norsk som andre språk.

Personalet skal bidra til at språkleg mangfald blir noko positivt for heile barnegruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norsk-/samiskspråklege kompetansen til barna.
Rammeplan for barnehagen s. 24

MÅL	KORLEIS	KVIFOR	ANSVARLEG
Språkgrupper for alle minoritetsspråklege barn.	Små grupper <ul style="list-style-type: none"> ➤ snakkepakken ➤ språkkiste 	Minoritetsspråklege barn i barnehagen har ikkje ein lovfesta rett til norskopplæring slik som elevar i grunnskulen har. Kommunar med mange minoritetsspråklege barn kan få tilskot til styrka språkutvikling.	Spesialpedagogisk team
Barn som har behov for alternativ til verbalspråk, skal ha tilgang til bildestøtte.	Nøkkelnippe til alle voksne som arbeider på avdelingen skal den inneholde: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Konkreter ➤ Overgangar ➤ Temaplansjar i alle leikekasser. ➤ Peikeplansjar, til dømes måltid, påkledning. ➤ Dagtavle. 	For å skape forutsigbarhet og tryggleik for barnet. Hjelpe barnet til å uttrykke seg, lære nye ord og omgrep.	Pedagogisk leiar Alle tilsette ta det i bruk
Barn (og foreldre) med norsk som andrespråk skal	Bruke minoritetsspråkleg- perm ved mottak av nye barn.	Barna skal være stolte av førstespråket sitt.	Pedagogisk leiar

oppleve at morsmålet er viktig	Lære ord og uttrykk (hei, takk), sanger på andre språk enn norsk.		
--------------------------------	---	--	--

Barn som strevar med språkutviklinga

Barn som strevar med språket sitt eller har språklege utfordringar går glipp av viktig sosial erfaring som er viktig for utviklinga av språket. Dei kan slite med leiken, dei trekker ofte til vaksne eller vel aktivitetar som ikkje krev for mykje språk.

Mange barn som slit med språket sitt kan hamne i ein «vond sirkel» der ein etter kvart utviklar åtferdsproblem som ein konsekvens av språkutfordringane ein står i. Barnehagen har eit særskilt ansvar for å fange opp disse barna og sette inn tiltak saman med føresette.

Det kan vere vanskeleg å skile mellom kva som er variasjonar innanfor normal området og kva som kan vere teikn til språkvanskar. Medan nokon barn kan ha fleire symptom er det nokon barn som har berre eit av symptoma.

Alle barn som strevar med språket skal i første omgang ha ein sjekk av syn og høyrsel. Samsynsvanskar og problem med væske i mellomøyret kan både påverke og hemme språkutviklinga.

Språkvanskar kan komme til uttrykk ved at:

- Barnet viser liten interesse for sosial samspel.
- Barnet har mangelfull merksemd ovanfor språk på alle alderstrinn.
- Barnet ikkje tek i bruk eit ords ytringar ved 1.5 års alderen.
- Barnet har mangelfull språkforståing ved 2 års alderen.
- Barnet ikkje produsere ytringar på 3 ord eller meir ved 3 års alderen.
- Barnet har vanskar med å oppfatte språklege beskjedar.
- Barnet har lite interesse for bøker eller å bli leste for.
- Barnet slit med å lære nye ord eller har eit lite ordforråd for alderen.
- Barnet er vanskeleg å forstå ved 4-5 års alderen.
- Barnet har få ord bøyinger samt enkel setningsstruktur ved 5 års alderen.
- Barnet vel å leike med yngre barn.

(liste henta frå Språkveilederen)

VED BEKYMRING FOR SPRÅKUTVIKLINGA HJÅ BARN

Skal barnehagen:

- [Ein kan ta i bruk undringsnotat.](#)
- Ta opp bekymring med føresette.
- Observere og kartlegge barnets språkutvikling – (tras/nya Sit).
- Ta det opp som sak på inkluderingsteam.
- Kartlegge språkmiljøet på avdelinga ved hjelp av pedagogisk analyse.
- Etablere språkgruppe rundt barnet.
- Ta i bruk språkstimulerande grep på avdelinga (sjå tabell over).
- Opprette stafettlogg i samråd med føresette.

Ansvarleg:

- Pedagogisk leiar
- Tilsette på avdelinga ansvarlege for å følgje opp tiltak

Kjelde og inspirasjon:

- [Språk i barnehagen – mye mer enn bare prat | udir.no](https://udir.no)
- [Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](https://udir.no)
- [Språkplan 2022-2027 \(faerder.kommune.no\)](https://faerder.kommune.no)
- Gjertviksten, V & Gärtner, A-M (2020) Du er viktig for språket i barnehagen. *Pedagogisk forum*
- *Lese og skriveglede. Metodisk opplegg for de eldste i barnehagen. Askøy kommune.*
- Oppegård kommune. Språkløft. Arbeidsmodell for ekstra språkstimulering i barnehagen.
- [Å oppdage at barnehagebarn strever med språket, er ikke nok for å sikre dem god hjelp | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](https://uis.no)
- Språkveilederen. Bredtvet kompetansesenter.